



Testing for nytt koronavirus utførast no ved mikrobiologisk avdeling i Helse Førde

Frå torsdag 5. mars 2020 utførast testing for nytt koronavirus (SARS-CoV-2) ved mikrobiologisk avdeling i Førde. Denne kan rekvirerast i interactor på vanleg måter under mikrobiologi-luftvegar der koronavirus har fått sin eigen knapp.

Det er tilstrekkeleg med eitt sett prøvar - ei penselprøve frå hals/nasopharynx (allmennpraksis). Om medisinsk indisert kan ein rekvirere andre luftvegs-PCR på same pensel/glass. I sjukehus bør ein om mogeleg supplere med prøve frå nedre luftvegar (BAL, trachealsekret).

Den første tida må negative prøvar verifiserast ved Haukeland sjukehus før endeleg svar, og positive prøvar må verifiserast ved Folkehelseinstituttet. Mikrobiologisk avdeling vidare sender.

Vi minner om at det inntil vidare skal takast kontakt med lokal smittevernlege for å diskutere indikasjonen for å ta korona PCR.

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/>

Koronasmitte og behandling med immunsuppressive midlar inkludert biologiske midlar.

Dette vil gjelde ein del pasientar med inflammatoriske tarmsjukdomar, revmatiske sjukdomar og nokon nevrologiske sjukdomar. Faglege vurderingar er at desse pasientane ikkje blir lettare smitta enn andre men nokon av dei kan utvikle eit meir alvorleg forløp. Dog har influensatilstander vist at dei fleste av desse pasientane takler slike infeksjonar godt. Det er sterkt tilrådd at dei fortset med sine medisiner slik som vanleg og ikkje avslutter. Seponering vil for ein del pasientar medføre forverring i grunntilstanden og dermed svekka immunforsvar på den måten. Dei vanlege råd omkring forebygging av smitte og handtering av sjukdom som ein finn på fhi.no vil også gjelde for desse pasientane.

<https://www.crohnsandcolitis.org.uk/news/updated-wuhan-novel-coronavirus-advice>

Med helsing

Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

